

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Vår ref.: 20/112-3/GG

Dykkar ref.:

Dato: 24.09.2020

## Høring - NOU 2020: 6 - Frie og hemmelig valg - Ny valglov

Medietilsynet viser til brevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 3. juni 2020 der departementet ber om tilbakemeldingar på framlegga i utgreiinga frå Vallovutvalet om ny vallov, NOU 2020: 6.

Medietilsynet er statens forvaltningsorgan på medieområdet. Det følgjer av samfunnsoppdraget for Medietilsynet at tilsynet skal medverke til å oppfylle dei overordna mediepolitiske måla om yringsfridom og demokrati gjennom ei open og opplyst offentlig samtale, jf. Grunnlova § 100. Medietilsynet medverkar til å fremje dei mediepolitiske måla ved å leggje til rette for mediemangfald og kritisk medieforståing i befolkninga.

I periodane før vala til Stortinget og til fylkesting og kommunestyre dei siste åra har Medietilsynet hatt informasjonskampanjar for å auke den kritiske medieforståinga i befolkninga. Dette gjeld særleg evna til å kjenne att falske nyheiter. Medietilsynet reknar med at behovet for slike tiltak framleis blir stort.

Frå 2009 har Medietilsynet hatt i oppgåve å føre tilsynet etter reglane i vallova<sup>1</sup> om offentleggjering av valresultat og -prognosar. Reglane har som formål å hindre at veljarane blir påverka mens røystinga går føre seg, og skal sikre ei roleg og verdig gjennomføring av røystinga. Kompetansen Medietilsynet har med å føre tilsyn med medieaktørar etter blant anna kringkastingslova<sup>2</sup>, kan nyttast direkte i dette arbeidet.

Medietilsynet har ført tilsyn etter reglane i vallova ved alle vala til Stortinget, fylkesting og kommunestyre frå 2009. Ein viktig del av arbeidet, særleg dei første åra, har vore å informere om reglane i tida før valet, og Medietilsynet har det inntrykket at forbodet mot offentleggjering i vallova § 9-9 og sanksjonsreglane er godt kjende. I tillegg har Medietilsynet på valdagane rettleia om offentleggjering av prognosar og resultat som kunne komme inn under forbodet. I somme tilfelle har Medietilsynet i ettertid følgt opp med tanke på sanksjonar når reglane er blitt brotne.

I sakene under har det vore sanksjonar i tilsynet etter vallova:

- Stortingsval 2009 – Dagbladet – publisering rett før kl. 21 – gebyr kr 40 000
- Stortingsval 2013 – Hjartdal kommune – Twitter-melding med resultat – gebyr kr 5000

---

<sup>1</sup> Lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre § 15-11, jf. § 9-9 og forskrift 2. januar 2003 nr. 5 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre §§ 42 til 45

<sup>2</sup> Lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester

- Val til kommunestyre 2015 – NRK1 – opplysningar om prognose og resultat for Arbeidarpartiet elleve minutt før frist – gebyr etter Medietilsynets vedtak kr 600 000 – etter klage redusert til kr 300 000
- Val til kommunestyre 2015 – Svelviksposten – resultat frå oppteljing av førehandsstemmer publisert på nettsidene meir enn ein time før frist – gebyr etter Medietilsynets vedtak kr 100 000 – etter klage redusert til kr 50 000

Medietilsynet har desse merknadene til vurderingar og framlegg frå utvalet:

#### **Kapittel 19.1.1.11 og 19.1.2.5 i utgreiinga, lovutkastet § 19-1 og § 19-2, forbod mot offentliggjerjing av valresultat og -prognosar**

Utvalet gjer framlegg om at det ikkje lenger skal vere ei særskild klagenemnd for dei vedtaka Medietilsynet gjer etter vallova, men at det er Medieklagenemnda (Klagenemnda for mediasaker) som skal vere klageorgan for vedtaka. Utvalet meiner det er unødvendig med ei eiga klagenemnd.

Medieklagenemnda har eit jamt tilsig av saker etter ulike regelverk som gjeld medium eller film, og har eit sekretariat som førebur sakene for nemnda. Medietilsynet er samd i at Medieklagenemnda med fordel kan vere klageorgan i desse sakene. Det er ein føresetnad at nemnda og sekretariatet har nødvendige ressursar til å behandle sakene på ein god måte og innan rimeleg tid.

Utvalet gjer vidare framlegg om at sanksjonsreglane skal gjelde privatpersonar i tillegg til føretak. Etter vallova slik ho er nå, er det berre føretak som kan få lovbrotsgebyr når dei offentliggjer valresultat eller -prognosar i strid med vallova § 9-9. Medietilsynet er samd i dei vurderingane utvalet gjer og meiner det er viktig at føretak og privatpersonar blir likestilte når det gjeld både forbodet og sanksjonsreglane. Ei slik utviding kan føre til meirarbeid i tilsynet etter vallova. Det er vanskeleg å seie omfanget av meirarbeidet.

Utvalet har gjort mindre justeringar i teksten til dei nye paragrafane som dei gjer framlegg om og som kjem i staden for vallova § 9-11 og § 15-11. Medietilsynet har ingen innvendingar mot dette.

#### **Kapittel 18.2.2 og 18.3 i utgreiinga, sanksjonar ved brott på forbodet mot offentliggjerjing av valresultat og -prognosar i forskrifta<sup>3</sup> om val til Sametinget**

Forskrifta om val til Sametinget har i dag tilsvarande forbod som vallova mot å offentliggjere valresultat og -prognosar, men det er ikkje reglar om tilsyn og sanksjonar. Utvalet gjer framlegg om at det skal innførast tilsvarande reglar i denne forskrifta.

Dersom reglar om tilsyn og sanksjonar skal bli tatt inn i forskrifta, må det vurderast om det krev innføring av ein lovheimel til dette i samelova<sup>4</sup>.

Medietilsynet ser ingen grunn til at det skal vere ulike reglar etter dei to regelverka, og stør framlegget. Det er vanskeleg å seie omfanget av meirarbeidet.

<sup>3</sup> Forskrift 19. desember 2008 nr. 1480 om valg til Sametinget

<sup>4</sup> Lov 6. desember 1987 om Sametinget og andre samiske forhold

## Kapittel 19.3 i utgreiinga, tilgang for media til valresultat før klokka 21

Vallova har i dag ingen reglar om tilgang til valresultat for media. Vallova § 9-9 gjeld offentleggjering av resultat og prognosar, men seier ikkje noko om kva opplysningar media sjølv kan få tilgang til. Praxis er at media etter avtale med Valdirektoratet kan få tilgang til valresultat og -prognosar baserte på førehandsstemmer halvannan time før vallokala stenger. Dessutan kan kommunar gi media resultat frå førebels oppteljing. Fleirtalet i utvalet meiner at media ikkje lenger skal få tilgang til valresultat og -prognosar før klokka 21 på valdagen. Heile utvalet meiner at kommunane ikkje skal kunne gi ut opplysningar om valresultat før klokka 21.

Det var ved valet i 2019 elleve medieaktørar som hadde avtale med Valdirektoratet og dermed kunne få tilgang til resultat og prognosar. I rapporten heiter det at det tidlegare har komme førespurnader frå bloggar og andre nettstader om å få tilgang til valresultat, men at Valdirektoratet har avvist dette.

Mindretalet i utvalet indikerer at media som kjem inn under mediefridomslova<sup>5</sup>, kan få tilgang. Frå 1. juli 2020 vart mediefridomslova oppheva, og medieansvarslova<sup>6</sup> tok til å gjelde. Ei tilvising til medieansvarslova er nå meir relevant enn tilvising til mediefridomslova.

Medietilsynet ser at tidleg tilgang til opplysningar gjer det lettare å behandle valprognosar redaksjonelt, og at dette er viktig for media som får tilgang. Dersom somme medium skal få tilgang, meiner Medietilsynet at Valdirektoratet må operere med objektive og kjende kriterium for kva medium det kan vere. Dei stadige endringane i medielandskapet gjer det vanskeleg å fastsetje kriterium som står fast over tid.

Det finst ikkje noko register over media som fell inn under medieansvarslova, og tvilstilfelle må avgjerast frå gong til gong etter kriteria i paragraf 2. I innstillinga<sup>7</sup> om lova skriv Stortingets familie- og kulturkomité dette: «Komiteen vil understreke at verken gjeldende mediefridomslov eller forslaget til medieansvarslov er ment som noen generell «presselov» som definerer hvem som tilhører «pressen», eller som produserer journalistikk. Målet med forslaget er i stedet å avklare de særlige ansvarsspørsmålene som oppstår ved publisering av nyheter, aktualitetsstoff og samfunnsdebatt til et publikum. Komiteen forutsetter derfor at heller ikke andre myndigheter uten videre kan henvise til denne lovens virkeområde for å avgrense regler og ordninger som skal gjelde for pressen.»

Dersom det ikkje lenger blir tillate for media å få tilgang til resultat og prognosar på førehand, kan ein ikkje sjå bort ifrå at det blir meir attraktivt for medieaktørar å lage egne valdagsmålingar som dei kan offentleggjere klokka 21 på valdagen. Dette kan særleg gjelde ved val til Stortinget og til kommunestyre i større kommunar.

Med helsing

Mari Velsand  
direktør

Hanne Nistad Sekkelsten  
direktør juridisk og regulatorisk avdeling

[Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift](#)

<sup>5</sup> Lov 13. juni 2008 nr. 41 om redaksjonell fridom i media

<sup>6</sup> Lov 29. mai 2020 nr. 59 om redaksjonell uavhengighet og ansvar i redaktørstyrte journalistiske medier

<sup>7</sup> Innst. 249 L (2019-2020)